

Selmas gaveposer

For å redusere noko av forbrukt rundt julefeiring, kan ein enkelt sy seg gaveposar. Desse er dekorative og kan brukast igjen år etter år. Det beste for miljøet er å bruke materiale som allerede eksisterar. Stoffet på desse er laga av gamle juledukar. Her er oppskrift på to ulike gaveposar, som er enkel å sy.

Tekst og foto: Magnhild Runde, konsulent i Sogn og Fjordane. Modellar: Magnhild Runde og Selma Baumann Storevik

Dette trenger du:

- Gamle juleduker eller restestoff
- Rester av band
- Symanskin

Slik gjør du:

Finn gamle duker eller restestoff med motiv som du syns er fint. Finn også fram rester av ulike typer stoffband til å knyte saman posen med. Dersom du ikkje har band kan du bruke hyssing.

Du kan sjølv velge stoleiken på posane, men det kan vere lurt å tenke at det er betre at dei er for store enn for små.

Pose nummer 1 er den enklaste og krev berre to saumar og er en enkel pose. Nummer 2 er forma som ein konvolutt, men har berre tre saumar.




Pose 1




Pose 2

Pose 1:



Klipp opp stoffet i den størrelsen du vil ha posen i. Hugs at du må legge stoffet dobbelt.



Sikk eller overlock alle sårkantar (der du har klipt i stoffet). Brett inn og sy kanten på dei to kortsidene.




Legg posen rette mot rette og sy dei to sidesaumane (vrangsy). Vreng posen etterpå.




Finn eit band som er langt nok til å gå rundt posen. Legg til litt til, for å kunne knyte. Finn midten av bandet og sy det fast 10-15 cm nedanfor kanten (som pila på biletet peikar).

Pose 2:




Klipp ut eit kvadrat og sikk/overlock alle sårkantane. Legg tre av hjørnene inn mot midten. Brett inn og sy sårkanten på venstre side (1). Vrangsy dei to saumane som pilene viser til i riktig rekkefølge.



Den siste saumen avsluttar du ved første saum. Vreng posen.



Brett inn kanten du får og sy ei stikning heilt til toppen.



Finne eit fint band som er stort nok til å gå rundt heile posen. Sy midten av bandet fast på enden av spissen.